

## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Rådmannen	Ove Sæbø
	Saksnr.: 20/313	Klassering:

### Salsløyve for alkohol - COOP Modalen for perioden 26.09.20 t.o.m. 30.09.24

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i alkohollova m/ forskrift og rusmiddelpolitisk handlingsplan for Modalen kommune 2020, får COOP Modalen 2 salsløyve for alkoholhaldig drikke med inntil 4,75 volumprosent for perioden 26.09.20 – t.o.m. 30.09.24.

#### Uttale frå politi, kunnskapstest, søknad....

For salsløyva gjeld følgjande:

1. Salsløyve COOP Modalen, COOP Marked Mo:
  - Styrar for løyvet er Roger Fure
  - Avløyсар er Marawna al Waka
2. Salsløyve COOP Modalen, COOP Nærkjøp Øvre Helland:
  - Styrar for løyvet er Roger Fure
  - Avløyсар er .....
3. Salet kan gå føre seg:
  - Måndag – fredag: kl. 09.00 – 20.00
  - Laurdag og dagar før heilagdag: kl. 09.00 – 18.00 (gjeld ikkje dagen før Kristi himmelfartsdag)
  - Sal på påske-, pinse-, jul- og nyttårsafta skal vera som for laurdagar. Sal er elles forbode på søndagar og helgedagar, 1. og 17. mai og på røystedagar for kommune- og stortingsval.
4. Salet skal gå føre seg i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Modalen kommune har engasjert kontrollør som kan koma på vitjing for å sjå til at alkohollova sine føresegner vert fylgde.
5. Det skal svarast ei årleg avgift for salet, med heimel i forskrift og rekna utifrå omsetnad.
6. Styrar og avløyсар pliktar å sikre at alkohollova med forskrifter vert fulgt opp.

#### Saksopplysningar:

Kommunestyret vedtok i juni 2020 revidert alkoholpolitisk handlingsplan. Planen omhandlar m.a. retningslinjer for, og sakshandsaming av salsløyve. Det vart i 2016 gjort kommunestyrevedtak om vidareføring av alle skjenke- og salsløyver i Modalen for perioden fram til 2020. Dette vart ikkje sendt inn søknadar om løyver på det tidspunktet.

For å sikre at sals- og skjenkeløyver vert gjevne i tråd med kommunestyret sin vilje, er det naudsynt å leggje fram søknadar med alle naudsynte vedlegg for handsaming. Slik får kommunestyret eit heilskapleg vurderingsgrunnlag til å styre alkoholpolitikken i Modalen kommune. I tillegg vert det

sikra at alle lovpålagte forhold som t.d. kunnskapstest, korrekt styrar/avløysar m.m. rundt eit løyve vert ivareteke.

### **Bakgrunn**

Gjeldande sals- og skjenkeløyver i Modalen kommune utgår f.o.m. 01.10.20. Nye løyver skal vurderast med utgangspunkt i retningslinene i rusmiddelpolitisk handlingsplan for Modalen kommune.

### **Vurdering**

Rådmannen rår til at det vert gjeve 2 skjenkeløyve til COOP Modalen med dei vilkåra som er skildra i framlegg til vedtak.

### **Ikkje vedlagte saksdokument:**

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost